



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
Roslandsvegen 364  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3671 - 20/7396

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
11.02.2020

Løyve til endring og godkjenning av personleg ansvarsrett - gbnr  
195/171 Leiknes

**Administrativt vedtak:** Saknr: 162/20

**Tiltakshavar:** Håvard Andvik  
**Ansvarleg søkjar:** Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
**Søknadstype:** Søknad om endring av ansvarsrett

## VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8, godkjenner kommunen tiltakshavar Håvard Andvik sin søknad om personleg ansvarsrett for utførande av membranarbeid i våtrom for eigen bustad på gbnr 195/171.**

**Murmester Asbjørn Toff AS sin ansvarsrett går ut.**

## Saka gjeld

Det er send inn melding om endring av ansvarsrett for membranarbeid våtrom for tiltak på gbnr 195/171. Tiltakshavar søker om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for utførande av membranarbeid i våtrom. Nødvendig kompetanse er sannsynleggjort ved bruk av medhjelpar Vidar Myksvoll som er sertifisert etter byggebransjen si våtromsnorm.

## Vurdering

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden om personleg ansvarsrett for membranarbeid våtrom vert godkjend.

Kommunen legg til grunn at Murmester Asbjørn Toft AS sin ansvarsrett for utførande av membranarbeid i våtrom i sin heilskap går ut.

Det vert elles vist til oppdatert gjennomføringsplan datert 22.01.2020.

### **Regelverk**

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 20/3671.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fjeldstad & Sandvik  
Tømrerteam AS  
Håvard Andvik  
Håvard Andvik

Roslandsvegen 5918  
364  
Leknesvegen 175 A 5915  
Leknesvegen 175 A 5915

FREKHAUG  
HJELMÅS  
HJELMÅS

**Mottakarar:**

Fjeldstad & Sandvik  
Tømrerteam AS

Roslandsvegen 5918  
364

FREKHAUG